



**Saksprotokoll**

**Organ:** Kontrollutvalet

**Møtedato:** 13.12.2017

**Sak nr.:** 17/758-14  
**Internt I.nr.** 47745/17

**Sak:** 55/17

**Tittel:** Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet - 13. desember 2017

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte
  - a. FR Musea i Sogn og Fjordane

Rapport er sendt til verifisering. Frist for tilbakemelding er sett til starten på januar 2018. Rapporten skal bli klar til møtet i kontrollutvalet 20. februar.

- b. FR Utdannings- og yrkesrådgiving i vgs

Deloitte har sendt ut ny prosjektplan, der endring med fokusgruppeintervju, som var avtalt i KU-møte 21. november, er teke inn. Kontrollutvalet ved sekretariatet mottok den justerte planen 6. desember. Ferdigdato for prosjektet er uendra, 23. mai 2018.

2. Status VIGO

Kontrollutvalet vedtek å delta i selskapskontrollen av VIGO, jfr. vedtak i KU-sak 28/17 (Sogn og Fjordane fylkeskommune) og etter prosjektplan datert 13.11.2017.

3. Orientering frå leiar og kontrollsjef
  - a. Innkjøp helsevikar

Assisterande fylkesrådmann og innkjøpssjef orienterte kontrollutvalet om saka, og etter ei spørsmålsrunde tok utvalet orienteringa til vitande.

- b. Innkjøp reinhald Sogn jord- og hagebrukskule

Assisterande fylkesrådmann og innkjøpssjef orienterte kontrollutvalet om saka, der det kom fram at denne kontrakta vart teikna i ein periode der det var planlagt utvidingar på skulen. Etter ei spørsmålsrunde konkluderte utvalet i lag med

representantane frå administrasjonen med at denne anskaffinga var å sjå på som ei ulovleg direkteanskaffing.

- c. Avlysing av konkurranse varmesentralar med varmepumpe vatn/vatn

Assisterande fylkesrådmann og innkjøpssjef orienterte kontrollutvalet om saka.

Fylkeskommunen har mottatt varsel om klage på avgjerd om avlysing av konkurransen, men ingen klage er mottatt. Orienteringa vart teken til vitande.

- d. Rapport oppfølgingstenesta

Tor-Einar Holvik Skinlo orienterte om rapporten og vidare oppfølging av denne. Kontrollutvalet vil eventuelt be om ei orientering om oppfølging i løpet av 2018.

- e. Fullmakt i samband med sekretariatsamarbeid i Sogn og Fjordane

Kontrollutvalsleiar fekk fullmakt til å starte ein dialog med styra i SEKOM og VEST kontroll for å diskutere framtidig samarbeid.

- f. Sak 4 i fellesnemnda sitt møte 18. desember

Leiar i utvalet orienterte om at fellesnemnda i sitt møte 18. desember skal handsame sak (sak 4/2017) om delegering av mynde til fylkesrådmennene/prosjektleiarar. I denne saka vert det føreslege å gje fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakter vedr. den administrative organiseringa og overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen. Det er lagt fram følgjande framlegg til vedtak:

1. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen i samsvar fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.17.
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleiar får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.

Kontrollutvalet meiner at fellesnemnda ikkje bør delegere administrativ organisering av, og tilsetjing av personell ved kontrollutvalssekretariatet til fylkesrådmennene/prosjektleiarar, då dette er kontrollorgan for den nye fylkeskommunen, og vil då mellom anna få som oppgåve å kontrollere administrasjonen. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok å sende følgjande endringsframlegg til fellesnemnda i sak 4/2017.

Kontrollutvalet foreslår at det vert teke inn følgjande endring i tilrådinga i sak 4/2017:

Punkt 1            «.....med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet»

Punkt 3            « .....med unntak for stillingar i sekretariatet for kontrollutvalet»

Framlegget til vedtak vert med kontrollutvalet sitt forslag slik:

1. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet, i samsvar fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.17.
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleiar får fullmakt til overføring og tilsettjing av personell i den nye fylkeskommunen med unntak for stillingar i sekretariatet for kontrollutvalet, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.